

Samnanger kommune

Dato: 27.06.2017
Vår ref.: 2014/13696-46
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Att. Nina Fredriksen

Høyringsuttale - Samnanger kommune – Trafikksikringsplan 2017-2021

Det vert vist til dykkar epost av 19. mai 2017 vedkommande høyring av Samnanger kommune sin trafikksikringsplan 2017-2021.

Samnanger kommune har lagt fram eit godt grunnlag for ein trafikksikringsplan dei neste åra, og Hordaland fylkeskommune vil i særleg grad trekke fram grepet som er gjort med å få fram heilskapen i trafikksikringsarbeidet, og satsinga på Trafikksikker kommune.

Fylkeskommunen som vegeigar

For det fyrste vil vi peike på følgjene av forvaltningsreforma frå 01.01.2010, der Hordaland fylkeskommune fekk eit mykje større vegansvar enn tidlegare. Gjennom sams vegadministrasjon er Statens vegvesen (SVV) underlagt fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegnettet, og med det har også SVV det utøvande ansvaret for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegane. Fordelinga av midlar til fylkesvegnettet skjer gjennom *Regional transportplan* (RTP) med tilhøyrande Investeringsprogram for fylkesvegnettet. Merk her at det er Hordaland fylkeskommune som vegeigar og budsjetansvarleg, som i fylkestinget vedtek kva som skal planleggjast og byggjast på fylkesvegnettet, ikkje Statens vegvesen.

I arbeidet med å prioritere tiltak er det eit vesentleg element at det i dei kommunale trafikksikringsplanane framgår ei klår prioriteringsliste av aktuelle fysiske tiltak på vegnettet slik at fylkeskommunen og SVV kan leggje denne til grunn for sine prioriteringar av trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet. Prioriteringslista vil slik sett vere førande for det arbeidet som vert gjort, og andre tiltak som vert meldt inn vil difor komme i andre rekke. Som nemnd er lista over fysiske tiltak i framlegget til trafikksikringsplan eit godt grunnlag for våre prioriteringar på fylkesvegnettet.

I denne samanhengen ser vi det også som naturleg å nemnde det fylkeskommunale ansvaret for kollektivtransporten i Hordaland. Dette ansvaret er lagt til Skyss, som er ei eiga eining i fylkeskommunen.

Fylkeskommunen sitt særlege ansvar for trafikksikring

Som det vert nemnd har fylkeskommunen etter § 40a i vegtrafikkloven eit ansvar for *å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikksikkerheten i fylket*. Som eit ledd i dette er det oppretta eit politisk utval; Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU), som har eit særleg ansvar knytt til dette. Særleg relevant i denne samanhengen er dei tilskotsordningane som kommunane og andre lokale kan nytte seg av, og den årlege trafikksikringskonferansen som FTU arrangerer for kommunane.

Nasjonale og regionale planar

Det vert i *Kap. 2. Forankring og organisering av trafikktryggingarbeidet* vist til ulike nasjonale og regionale planar. I endeleg utkast av trafikksikringsplanen vil det vere eit føremonn å vise til siste vedtekne utgåve av desse planane.

Dette gjeld *Nasjonal transportplan 2018-2029 (NTP) (Meld. St. 33)* som vart vedteken den 19. juni 2017. Nullvisjonen, om null drepne og hardt skadde, ligg fast, men etappemåla er endra samanlikna med det det vert vist til i teksten. Noverande etappemål er maksimalt 350 innan 2030, med eit delmål om 500 i 2024.

Regjeringens etappemål er at antallet skal reduseres til maksimalt 350 innen 2030, noe som er en reduksjon på om lag 60 pst. sammenliknet med gjennomsnittet for årene 2012–2015. Målet i Nasjonal transportplan 2014–2023 om maksimalt 500 drepte og hardt skadde i 2024 beholdes som et delmål på veg mot etappemålet for 2030 (NTP, side 78).

Når det gjeld *Regional transportplan Hordaland 2018-2029 (RTP)* var denne vedteken av fylkestinget i Hordaland den 14. juni 2017. RTP har følgjande overordna mål (RTP, side 12):

Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som ivaretek mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet.

For fylkesvegnettet er det sett følgjande hovudmål (RTP, side 38):

Hordaland skal ha eit trafikksikkert og framkomeleg fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe veksten i forfallet.

Todeling av fylkesvegnettet i overordna og øvrig fylkesvegnett ligg fast, jf RTP 2013-2024. Merk at Investeringsprogram for fylkesvegnettet, tidlegare kalla handlingsprogrammet, som er tilhøyrande den nyleg vedtekne RTP 2018-2029, vil verte handsama av fylkestinget i desember 2017. Investeringsprogrammet vil verte rullert årleg.

Vidare vil *Handlingsplanen for trafikkisikring i Hordaland 2014-2017* inngå som ein del av Investeringsprogram for fylkesvegnettet i komande planperiode. Nullvisjonen vil liggje fast, saman med dei nasjonale og fylkesvise etappemåla. I Hordaland er det møte- og utforkøyringsulykker, saman med ulykker med mjuke trafikantar som gjev mest alvorleg skadde, og må ha eit særskilt fokus. Det vert og lagt opp til ei framleis satsing på «Trafikksikker kommune». I tillegg er det i RTP vedteken ei satsing på trygge skulevegar og hjertesone.

Merk også at *Nasjonal tiltaksplan for trafikkisikkerhet på veg 2014-2017* er under rullering, jf dykkar omtalar side 47-48. Ny plan for 2018-2021 er venta ferdigstilt i februar 2018. Denne nasjonale tiltaksplanen føl opp NTP 2018-2029.

Det haldningsskapande trafikksikringsarbeidet

For å lukkast med å få ned talet på drepne og hardt skadde i trafikken må trafikkisikringsarbeidet vere ein kombinasjon av fysiske tiltak på vegnettet og haldningsskapande tiltak. Dette inneber at ein må ha fokus på trafikkisikring i alle ledd og einingar, og på den måten få ei tverrfagleg koordinering. Kommunen sitt framlegg til trafikksikringsplan omhandlar det haldningsskapande trafikksikringsarbeidet i kap. 7 *Samnanger som trafikksikker kommune*, og dette har tydelege målsettingar for komande planperiode. Det er positivt at kommunen løftar arbeidet med Trafikksikker kommune, og ønskjer ei systematisk og organisatorisk tilnærming til sitt trafikantretta trafikksikringsarbeid.

Merk at i tabelloversikten med «Trafikantretta tiltak 2017-2021», side 48-49, kan det vere grunnlag for å høyre med dei aktuelle «Medspelar/aktør» om dei nemnde kampanjane som er oppført er planlagt gjennomført i Samnanger kommune i perioden 2017-2021.

Hordaland fylkeskommune ber avslutningsvis om å få oversendt vedteken trafikksikringsplan for Samnanger kommune når denne ligg føre.

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.